

Saksbehandlar: Sissel Brusegård/Kenth Rune T. Måren, Opplæringsavdelinga
Sak nr.: 16/7230-1

Evaluering av opplæringstilbodet innan yrkes- og studiekompetanse (YSK)

Fylkesdirektøren rår hovudutval for opplæring til å gjere slikt vedtak:

1. Hovudutval for opplæring tek evalueringa av opplæringstilbodet innanfor yrkes- og studiekompetanse (YSK) til orientering.
2. Avgrensing av kva utdanningsprogram og programområde ein skal ha YSK-tilbod i vert innarbeid i sak om opplæringstilbodet 2017-2018.

Vedlegg:

1. Uttale frå bedrifter om YSK-opplæringa

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Yrkes- og studiekompetanse (YSK) (tidlegare tekniske og allmenne fag, TAF) er eit 4-årig vidaregåande yrkesfagleg utdanningsprogram som gir både spesiell studiekompetanse og fag-/sveinebrev.ⁱ

I HO-sak 27/15 Opplæringstilbodet for skuleåret 2016-2017 står det i vedtakspunkt 2:

«YSK-tilbodet (Yrkes- og studiekompetanse) ved Måløy og Mo og Øyrane vidaregåande skular vert evaluert, særleg med tanke på i kva grad YSK-lærlingane tek opp plassar for ordinære lærlingar. Evalueringa skal vere gjennomført før saka om opplæringstilbodet for 2017-18 skal handsamast.»

I denne saka legg fylkesdirektøren for opplæring fram ei evaluering av dette opplæringstilbodet.

Tidlegare vedtak

I HO-sak 25/00 *Opplæringstilbodet for skuleåret 2001-2002* vedtok hovudutval for opplæring å starte opp ei gruppe med 14 elevplassar i grunnkurs tekniske allmennfag (TAF) ved dåverande Øyrane vidaregåande skule.

TAF -tilbodet vart vidareført skuleåret 2002-2003 både på grunnkurs (GK) og på vidaregåande kurs 1 (VKI) etter R-94 strukturen (HO- sak 19/01 *Opplæringstilbodet for skuleåret 2002-2003*).

ⁱ Dette er hovudregelen for YSK nasjonalt. Ved oppretting av YSK-tilbodet på Mo og Øyrane vidaregåande skule gjekk ein bort frå innretninga med spesiell studiekompetanse og elevane på dette tilbodet får generell studiekompetanse og fagbrev.

I HO-sak 33/02 *Opplæringstilbudet for skuleåret 2003-2004* vart TAF-tilbudet lyst ut med ei gruppe med 12 elevplassar GK TAF, 1 gruppe med 6 elevplassar på VKI, og ½ gruppe med 6 elevplassar på VKII. Tilbudet på GK -TAF hadde etter søknadsfristen 1. mars 2003 berre ein primærsøkjar, og i tillegg trekte Kleven og INC-vedlikehold samarbeidsavtalane med skulen. I HO-sak 16/03 vedtok hovudutvalet for opplæring at TAF-tilbudet på GK ikkje skulle settast i gong.

I saka om *opplæringstilbudet for skuleåret 2004-2005* vart TAF-tilbudet på GK og VKI ikkje tilrådd lyst ut. Fylkesdirektøren grunna i HO-sak 35-03 tilrådinga med at «Skulen bør få tid på seg til å omstille tilbudet til andre fag og få på plass nye avtalar med bedriftene om praksisplassar før ein vurderer å sette i gong igjen tilbudet». I vedtaket følgde hovudutvalet tilrådinga frå fylkesdirektøren og tilbudet ved Øyrane vidaregåande skule vart gradvis fasa ut dei påfølgjande åra.

I HO-sak: 32/08 - *Opplæringstilbudet for skuleåret 2009-2010* vedtok hovudutval for opplæring å starte opp ei kombinert TAF 1 gruppe vg1 teknikk og industriell produksjon og helse- og sosialfag ved Måløy vidaregåande skule med 12 elevplassar frå skuleåret 2009/2010.

I HO-sak: 33/14 - *Opplæringstilbudet for skuleåret 2015-2016* vedtok hovudutval for opplæring å starte opp ei gruppe YSK vg1 Sal og servicefag Mo og Øyrane vidaregåande skule med 12 elevplassar frå skuleåret 2015/2016.

Kva er yrkes- og studiekompetanse (YSK)

Yrkes- og studiekompetanse (YSK) (tidlegare tekniske og allmenne fag, TAF) er eit 4-årig vidaregåande yrkesfagleg utdanningsprogram som gir både spesiell studiekompetanse (særskild fagkombinasjon) og fag-/sveinebrev. YSK-opplæringa skjer i ein kombinasjon av teoretisk opplæring på skulen og praksis/lærlingordning i bedrift. Tilbudet vart etablert for å legge til rette for at skulefinke elevar i større grad skulle kunne velje utdanning og arbeid innanfor yrkesfaga. Målet er at elevane skal oppnå både fagbrev og spesiell studiekompetanse med tanke på høgare utdanning som krev spesiell studiekompetanse.

Inntak

Opplæringslova § 6-2 stiller krav om lokal forskrift om inntak. I forskrifta for Sogn og Fjordane fylkeskommune § 7 *Inntak til særskilde yrkesfaglege utdanningsløp som leiar fram til yrkes- og studiekompetanse* står det:

«Inntaket vert gjort på bakgrunn av karakterar (konkurransespoeng) og intervju i bedrift. Søkjarar må ha avtale med skulen om læreplass i bedrift»

Eleven inngår ein avtale med ein av skulen sine samarbeidsbedrifter for fire år, for å gjennomføre både yrkes- og studiekompetanse. Det er mogleg å krysse til ordinær lærekontrakt etter to år, då utan å oppnå spesiell studiekompetanse. Elevar som kryssar til ordinær lærekontrakt etter to år, vil ha teorifag frå vg1 og vg2 som dei må ta i læretida.

Tilbudet ved Måløy vidaregåande skule starta opp som eit fylkesdekkande tilbud i 2009 og bestod av ei kombinert gruppe innanfor teknikk og industriell produksjon og helse- og oppvekstfag. I HO-sak: 33/14 - *Opplæringstilbudet for skuleåret 2015-2016* vedtok hovudutval for opplæring å starte opp ei gruppe YSK vg1 Sal og servicefag med 12 elevplassar frå skuleåret 2015/2016 ved Mo og Øyrane vidaregåande skule.

Fag og timefordeling YSK-opplæringa ved Måløy vidaregåande skule

Tabellen under syner korleis Måløy vidaregåande skule organiserer fag- og timefordelinga (45 min) for YSK-opplæringa på dei ulike vg-nivåa.

Årstrinn	Fag	Timar etter læreplan	Underviste timar
vg1	Engelsk	5	4,5
	Matematikk 1T	5	5
	Naturfag	5	4,5
	Yrkesfaglege programfag	17	8
	Yrkesfagleg fordjuping	6	0
	Opplæring i bedrift	(2 dagar)	15
	TOTALT TIMETAL		37
vg2	Matematikk R1	5	5
	Norsk	4	4

	Kroppsøving	2	2
	Yrkesfaglege programfag	17	12
	Yrkesfagleg fordjuping	9	0
	Opplæring i bedrift	(2 dagar)	15
	TOTALT TIMETAL		38
Vg3	Norsk	4	4
	Historie	5	5
	Kroppsøving	2	2
	Fysikk 1	5	5
	Matematikk R2 (for TP)	5	6
	Kjemi 1 (for HS)	5	6
	Opplæring i bedrift	(2 dagar)	15
	TOTALT TIMETAL		37
Vg4	Norsk	6	6
	Samfunnsfag	3	3
	Fysikk 2 (TP)	5	6
	Kjemi 2 (HS)	5	6
	Opplæring i bedrift	(3 dagar)	22,5
	TOTALT TIMETAL		37,5

2. Evaluering

I evalueringa har fylkesdirektøren lagt vekt på rekruttering, progresjon, resultat og vidare utdanningsløp etter fullført vidaregåande opplæring. Fylkesdirektøren drøftar om YSK-tilbodet skal vere knytt til heile utdanningsprogrammet eller til programområde på vg2. Vidare vert det i evalueringa kartlagt i kva grad YSK-lærlingane tek opp plassar for ordinære lærlingar. Avslutningsvis har fylkesdirektøren sett på kostnadane per elev ved YSK-opplæringa opp mot kostnadar per elev på yrkesfaglege- og studiespesialiserande utdanningsprogram.

Rekruttering

Lista under viser kor mange, og frå kva kommune, elvane ved YSK-tilbodet ved Måløy vidaregåande skule kom frå for skuleåra 2012 – 2016/17:

Askvoll kommune	1	Hornindal kommune	3
Bremanger kommune	11	Høyanger kommune	1
Eid kommune	11	Lærdal kommune	2
Fjaler kommune	2	Selje kommune	12
Flora kommune	18	Solund kommune	2
Gloppen kommune	1	Stryn kommune	4
Gulen kommune	1	Vågsøy kommune	49

Lista ovanfor syner at 77 prosent kjem frå kommunar i Nordfjord, med stort fleirtal frå Vågsøy. 18 prosent kjem frå kommunar i Sunnfjord, her er det flest elvar frå Florø. 5 prosent av elvane kjem frå kommunar i Sogn.

Lista under viser kor mange, og frå kva kommune elvane ved YSK -opplæringa ved Mo og Øyrane vidaregåande skule kom frå, for skuleåra 2015 – 2016/17.

Askvoll kommune	1
Førde kommune	8
Gaular kommune	4
Høyanger kommune	1
Jølster kommune	2
Naustdal kommune	3

Lista ovanfor syner at alle elvar med unntak av ein kjem frå kommunar i Sunnfjord.

Fylkesdirektøren meiner at YSK-opplæringa kan gjerast betre kjent, slik at rekrutteringa i større grad kjem frå heile fylket.

Progresjon og resultat

Nedanfor føl ei skjematisk oversikt over inntakspoeng, bestått generell- og spesiell studiekompetanse og bestått fagprøve og skulepoeng til samordna opptak for skuleåra 2012 – 2015.

Skuleår	Skule	Inntaksp. Vg1	Bestått gen. st. komp	Bestått spes. st. komp	Bestått fagprøve	Skulepoeng Samordna opptak
2012/2013	Måløy vgs	44,4	0	0	0	
2012/2013	Måløy vgs	32,7	1	0	1	38,6
2012/2013	Måløy vgs	46,9	1	0	1	40,0
2012/2013	Måløy vgs	39,3	1	0	1	39,5
2012/2013	Måløy vgs	46,9	1	1	1	42,0
2012/2013	Måløy vgs	39,4	0	0	1	33,5
2012/2013	Måløy vgs	40,0	1	1	1	36,8
2012/2013	Måløy vgs	37,3	1	0	1	42,7
2012/2013	Måløy vgs	49,4	1	1	1	38,4
2012/2013	Måløy vgs	45,3	1	1	1	45,8
2012/2013	Måløy vgs	36,5	1	1	1	28,4
Snitt		41,6	9	5	10	35,1
			82 %	45 %	91 %	

Skuleår	Skule	Inntaksp. Vg1	Bestått gen. st. komp	Bestått spes. st. komp	Bestått fagprøve	Skulepoeng Samordna opptak
2013/2014	Måløy vgs	48,8	1	1	1	47,7
2013/2014	Måløy vgs	51,3	1	1	1	53,5
2013/2014	Måløy vgs	48,8	1	1	1	45,6
2013/2014	Måløy vgs	47,1	1	1	1	47,7
2013/2014	Måløy vgs	39,4	1	1	1	29,9
2013/2014	Måløy vgs	51,9	1	1	1	51,6
2013/2014	Måløy vgs	51,3	1	1	1	43,2
2013/2014	Måløy vgs	45,3	1	1	1	49,3
2013/2014	Måløy vgs	55,6	1	1	1	50,8
2013/2014	Måløy vgs	44,4	1	1	1	50,0
2013/2014	Måløy vgs	45,0	1	0	1	34,7
2013/2014	Måløy vgs	47,5	1	1	1	45,2
2013/2014	Måløy vgs	47,1	1	1	1	43,3
2013/2014	Måløy vgs	50,0	1	1	1	40,4
2013/2014	Måløy vgs	43,0	1	0	1	40,0
2013/2014	Måløy vgs	44,4	1	0	1	43,2
Snitt		47,6	16	13	16	44,8
			100 %	81 %	100 %	

Skuleår	Skule	Inntaksp. Vg1	Bestått gen. st. komp	Bestått spes. st. komp	Bestått fagprøve	Skulepoeng Samordna opptak
2014/2015	Måløy vgs	50,0	1	1	1	50,8
2014/2015	Måløy vgs	44,4	1	1	1	39,2
2014/2015	Måløy vgs	40,6	1	1	1	40,0
2014/2015	Måløy vgs	38,1	1	1	1	36,7
2014/2015	Måløy vgs	42,0	1	1	1	34,8
2014/2015	Måløy vgs	53,8	1	1	1	51,5
2014/2015	Måløy vgs	47,5	1	0	1	45,0
2014/2015	Måløy vgs	50,0	1	0	1	40,4
2014/2015	Måløy vgs	43,8	1	1	1	42,1
2014/2015	Måløy vgs	51,3	1	1	1	52,7
Snitt		46,2	10	8	10	43,3
			100 %	80 %	100 %	

Oversikta syner at søkarane har høge grunnskulepoeng. Det er ein elev som har slutta på YSK-opplæringa, og ein som ikkje har fullført utdanninga med både fag-/sveinebrev og bestått anten generell- /spesiell studiekompetanse. Fylkesdirektøren meiner at det er sær gode resultat i opplæringa. Tabellen viser at det er ei god utvikling då det er fleire som består med spesiell studiekompetane i avgangskulla i 2014 og 2015 enn dei som gjekk ut i 2013.

Elevane sine erfaringar

Fylkesdirektøren har intervjuet om lag halvparten av dei 37 elevane som har fullført på YSK-opplæringa dei tre siste åra. Dei tidlegare elevane som vart intervjuet, svara slik på dei ulike spørsmåla:

Kvifor valde du YSK?

- 10 ville ha både praksis og teori
- 5 sa det var tilfeldig
- 2 ville gå vidare til utdanning med krav om spesiell studiekompetanse seinare.

Det var fleire som vart kjent med opplæringstilbodet ved ein tilfeldigheit, og at dei opplevde det som lite marknadsført.

Korleis opplevde du opplæringa i skule?

- 10 opplevde opplæringa i skule som krevjande eller litt krevjande.
- 7 opplevde opplæringa i skule som greitt og ikkje spesielt krevjande.

Fekk du nok informasjon/oppfølging?

- 6 elevar opplevde kommunikasjonen som mangelfull
- 11 elevar opplevde kommunikasjonen tilfredstillande

Fleire peika likevel på at det burde vore tettare oppfølging frå skulen si side når dei var i bedriftsopplæringa.

Alle var samla sett nøgde med tilbodet, og svara at dei ville valt YSK-opplæringa igjen.

Vidare arbeid og/eller vidare utdanningsløp etter fullført vidaregåande opplæring

Måløy vidaregåande skule har kartlagt alle som har fullført på YSK-opplæringa dei tre siste åra for å få informasjon om kva elevane har gjort etter avslutta opplæringa. Svara fordeler seg slik:

Har du teke høgare utdanning eller jobbar du som fagarbeidar?

- 8 er fagarbeidar
 - 2 i helse- og oppvekstfag
 - 6 i teknikk- og industriell produksjon
- 29 har gått vidare til høgare utdanning
 - 13 i helse- og oppvekstfag
 - 15 i teknikk- og industriell produksjon
 - 1 i naturbruk

Har du gått vidare til høgare utdanning innanfor same fagretning som i YSK-opplæringa?

- 20 har tatt høgare utdanning som bygger på YSK-opplæringa.
 - 10 i helse og oppvekstutdanningar (sjukepleie, førskulelærerutdanning)
 - 9 i teknikk- og industriell produksjon (maskiningeniør, ingeniør, sivilingeniør)
 - 1 i naturbruk (fiskeri- og havbruksvitskap)
- 9 i utdanningar som ikkje bygger på YSK-opplæringa
 - Dei fleste av desse i økonomi- og administrasjonsfaglege utdanningar

Dette viser at om lag halvparten av dei som har gått YSK-opplæringa ikkje hadde behov for denne type opplæring sett i lyse av dei vala dei har teke i etterkant.

Skal YSK-tilbodet vere knytt til heile utdanningsprogrammet eller til eitt programområde?

Tabellen under syner kva utdanningsprogram, programområde på vg2 og lærefag på vg3 det vert gitt YSK-opplæring i ved Måløy og Mo Øyrane og vidaregåande skular.

Yrkesfaglege utdanningsprogram vg1	Yrkesfagleg programområde vg2	Opplæring i bedrift vg3
Helse og oppvekst	Barne- og ungdomsarbeidarfaget Helsearbeidarfaget	Barne- og ungdomsarbeidarfaget Helsearbeidarfaget
Teknikk- og industriell produksjon	Industrieteknologi Laboriefag	Polymerkomposittfaget CNC-maskineringsfaget Industrimekaniker Modellbygging Laboriefaget
Naturbruk	Akvakultur	Akvakulturfaget

Bygg- og anleggsteknikk	Byggteknikk Klima, miljø- og energiteknikk	Tømrarfaget Ventilasjon og blikkenslagerfaget
Kryssløp frå alle utd.prg	IKT-servicefag	IKT-servicefaget
Service og samferdsel	Sal og servicefag	Kontor- og administrasjonsfaget Salsfaget

Ut i frå elevane sine ønskje og tilgangen på lærebedrifter har ein utvida talet programfag det er mogleg å ta YSK-opplæring i. Dette har auka både talet elevar og kostnaden ved tilboda. Utvidinga har òg gitt nokre organisatoriske utfordringar, mellom anna knytt til breidde på tilboda, organisering av eksamen m.m. Utvidinga har vore mogleg sidan vedtaket til hovudutvalet har vore knytt til utdanningsprogram og ikkje programområde. Fylkesdirektøren ser at dette kan vere uheldig og ønskjer å avgrense tilboda til å gjelde lærefag som byggjer på konkrete programfag på vg2. Fylkesdirektøren vil kome attende til dette i sak om opplæringstilbodet 2017/18.

Tabellen syner ei oversikt over tal elevar per lærefag ved Måløy vidaregåande skule 2016/2017

Lærefag (VG3, VG4)	Tal elevar
Akvakulturfaget	5
Barne- og ungdomsarbeidarfaget	1
CNC-maskineringsfaget	2
Helsearbeidarfaget	10
IKT-servicefaget	2
Industrimekanikerfaget	8
Laboratoriefaget	1
Modellbyggerfaget	1
Polymerkomposittfaget	2
Tømrarfaget	1
Totalt	33

Lærefag (VG1, VG2)	Tal elevar
Akvakulturfaget	9
Barne- og ungdomsarbeidarfaget	2
Helsearbeidarfaget	13
IKT-servicefaget	5
Industrimekanikerfaget	4
Laboratoriefaget	3
Polymerkomposittfaget	1
Tømrarfaget	2
Ventilasjons- og blikkerslagerfaget	1
Totalt	40

Tabellen syner ei oversikt over tal elevar per lærefag ved Mo og Øyrane vidaregåande skule 2016/2017

Lærefag (VG1, VG2)	Tal elevar
Kontor og administrasjonsfaget	3
Salsfaget	16
Totalt	19

Kva grad YSK-lærlingane tek opp plassar for ordinære lærlingar?

YSK-lærlingar er ute i lærebedrifta i 4 år. Dei tre første åra to dagar i veka, fjerde året tre dagar i veka. Hovudløpet for ordinære lærlingar er at dei er ute i lærebedrifta kvar dag dei siste to åra av opplæringa. Om ei bedrift meiner dei berre kan ha ein lærling, anten det er YSK-lærling eller ordinær lærling, vil bedrifta etter fire år ha hatt plass til ein YSK-lærling mot to ordinære lærlingar.

Fylkesdirektøren har kartlagt i kva grad bedriftene tek inn lærlingar utover dei som er YSK-lærlingar i bedriftene. Per september 2016 er det 20 bedrifter som har YSK-lærlingar. Desse bedriftene gir opplæring til 30 YSK-lærlingar fordelt på 10 ulike lærefag. Sju av bedriftene har samstundes 29 ordinære lærlingar i dei same lærefaga. Fylkesdirektøren har vore i kontakt med

eit utval av bedriftene og ingen av desse meinte at YSK-lærlingane tok opp plassar for ordinære lærlingar.

På bakgrunn av kartlegginga er det vanskeleg å vurdere i kva grad YSK-lærlingar «tek opp» plassar frå ordinære lærlingar, men det kan sjå ut til at fleirtalet av små og mellomstore bedrifter har YSK-lærling og ikkje ordinær lærling.

Kostnader

YSK-tilboda har ein vesentleg høgare kostnad enn ordinære yrkesfaglege og studieførebuande utdanningsprogram. Samanlikna med yrkesfaglege utdanningsprogram blir tilbodet meir kostbart som følgje av at elevane får meir opplæring i skule. Samanlikna med studieførebuande utdanningsprogram er tilbodet meir kostbart som følgje av at elevane får opplæring i bedrift i tillegg.

Tabellen under syner kostnadane per elev ved YSK-opplæringa opp mot kostnadar per elev på yrkesfaglege- og studieførebuande utdanningsprogram (i mill. kr)

Kostnadsoversikt

Opplæringsløp	Tal elevar per gruppe	Kostnad gruppe per år	Tal år i opplæring	Kostnader for heile opplæringa (gruppe)	Kostnad per elev ved fullført opplæring
Studiespesialiserande utdanningsprogram	30	1,400	3	4,200	0,140
Yrkesfagleg utdanningsprogram	12	1,400	2	2,800	0,374
Basis 1 tilskot til lærebedrift	12	0,846	2	1,692	
				4,492	
YSK - opplæring skule	12	1,400	4	5,600	0,608
Basis 1 tilskot til lærebedrift	12	0,846	2	1,692	
				7,292	
Yrkesfagleg utdanningsprogram	12		4	4,492	
Påbygging til generell studiekompetanse	30	1,400	1	1,400	0,433

3. Konklusjon

I evalueringa kjem det fram at elevane i YSK-opplæringa har hatt god progresjon og gode resultat. Alle elevane som har svara på evalueringa er særst godt nøgde med tilbodet. Tilboda har i hovudsak rekruttert elevar i frå nærområdet til skulane og tilboda bør gjerast betre kjent.

Evalueringa viser at det er vanskeleg å sei noko om kva grad YSK-lærlingane tek opp plassar for ordinære lærlingar.

YSK-tilboda er kostbare. Samstundes viser evalueringa at om lag halvparten av elevane ikkje fekk nytta seg av den kompetansen dei fekk gjennom opplæringa etter enda vidaregåande opplæring.

Ut i frå elevane sine ønskje og tilgangen på lærebedrifter har ein utvida talet programfag det er mogleg å ta YSK-opplæring i. Dette har auka både talet elevar og kostnaden ved tilboda. Fylkesdirektøren vil kome attende til eit framlegg om avgrensing av talet programfag ein gir eit YSK-tilbod innanfor i, i sak om opplæringstilbodet 2017/18.